



---

# Universitetet i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITENSKAP OG HUMANIORA

BACHELOROPPGÅVE

Studieprogram:

LNOR370 Bacheloroppgåve i nordisk

Kandidatnummer:

6433

Rettleier:

David Albert Natvig

Tittel på bacheloroppgåva:

*Sykt bra vibes*  
«Engelske ord og frasar i Bloggerne»

Antal ord: 8688

Stavanger, 18.05.2022  
dato/år

# Innholdsfortegnelse

<b>1.0 INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
<b>2.0 SPRÅKKONTAKT: TEORI OG BAKGRUNN</b> .....	<b>1</b>
2.1 LÅNORD.....	2
2.2 KODEVEKSLING.....	3
2.3 NØRSK MØTER ENGELSK.....	4
<b>3.0 SOSIOLINGVISTIKK</b> .....	<b>5</b>
3.1 IDENTITET OG TALESITUASJONAR SOM FAKTORAR FOR SPRÅKLEG VARIASJON .....	5
3.2 BRUK AV ENGELSK SPRÅK BLANT PÅVERKARAR I SOSIALE MEDIA .....	7
<b>4.0 METODE</b> .....	<b>8</b>
4.1 PERSONANE I UNDERSØKINGA .....	9
4.2 AVGRENSINGAR .....	11
<b>5.0 FUNN OG DISKUSJON</b> .....	<b>12</b>
5.1 EMMA ELLINGSEN .....	12
5.2 ALEXANDRA JONER.....	15
5.3 EVELINE KARLSEN .....	17
5.4 MONICA NYHUS.....	19
5.5 OPPSUMMERING AV FUNN .....	21
<b>6.0 KONKLUSJON</b> .....	<b>22</b>
<b>7.0 LITTERATUR</b> .....	<b>23</b>

## 1.0 Innleiing

Språkkontakt er eit utbreitt fenomen som har gått føre seg i lang tid. Han har resultert i at fleire i dag tek i bruk framandord i språket. Det er til dømes fleire sosiale medium som bidrar til språkkontakten. I ein artikkel gjeve ut av Aftenposten er det fire jenter ved St Olav Vidaregåande Skule i Stavanger som seier at dei lar seg påverka av språkbruken til andre personar i sosiale medium. Dei presiserer at det er gjennomgåande engelske ord og uttrykk som blir brukt av fleire personar på dei ulike kanalane (Aftenposten, 2014). Dette er eit døme på språkkontakt i dag, og som er vanleg blant både barn, ungdom og vaksne.

Å sjå korleis språkkontakt har bidradd til at det er vanleg i dag å bruke engelske ord og uttrykk i ein norsk samanheng er interessant. På mange måtar har engelsk fått ein viktig plass i det norske samfunnet. Ungdom spelar videospill på engelsk, fleire TV programmar er på engelsk og mange legg til engelske ord og frasar i samtalar med andre menneske. I mange situasjonar vil det vera døme som viser at det norske språket blir påverka av engelsk. Eg ser difor på korleis engelsk blir brukt i ulike situasjonar. Eg vil analysere materialet mitt med utgangspunkt i følgjande problemstilling: «Korleis bruker personar i realityprogrammet *Bloggerne* engelske ord og frasar i ulike situasjonar». Eg vil sjå nærare på kva for nokre situasjonar dei ulike personane i undersøkinga gjer bruk av engelske ord og frasar, kva det er som skil dei ulike situasjonane frå kvarandre og er det nokre faktorar som spelar ei viktig rolle for resultatane eg får.

Realityprogrammet *Bloggerne* er produsert av TV2. Det er dagsaktuelt og er populært blant ungdom og vaksne. Personane i programmet er i forskjellige alder og livssituasjonar. Dei har ulike interessefelt og omgast forskjellige menneske. Eg ønskjer å sjå på eit heilskapleg bilete av engelsk i det norske språket i lys av statusen det har fått i dag, då med særskilt vekt på sosiale media. Det er interessant å analysere eit program som representerer store delar av dagens næringsliv, der blant anna influencerbransjen har vaks seg stor. I oppgåva omtalar eg influenser som påverkarar.

## 2.0 Språkkontakt: teori og bakgrunn

I oppgåva tek eg for meg engelske ord og frasar. Det er tilfelle i undersøkinga der personane låner engelske ord eller vekslar mellom norske og engelske frasar. Fleire døme faller difor

under kategoriane lånord og kodeveksling, og eg vil difor gjera ei kort utgreiing om desse omgrepa utan å gjera skile på dei i undersøkinga.

## 2.1 Lånord

Lånord er ikkje eit nytt fenomen, og er noko fleire språk ofte tek i bruk. Ann Helen Lea har mastergrad i nordisk språk og skriv i ein artikkel på Språkrådet om lånord i norsk talespråk. Ho bruker omgrepet lånord om ord som har eit anna språkleg opphav enn norsk. Likeins med masteroppgåva hennar skriv ho at dei mest frekvente lånorda i talespråket kjem frå ordklassane adjektiv og interjeksjonar, og i skriftspråket er det substantiv som kjem høgast (Språkradet.no, 2010; masteroppgåve, 2009). Omgrepet *linguistic borrowing* handlar om prosessen når eit språk tek til seg ord frå eit anna språk, og inkorporerer orda i vokabularet sitt (Campbell, 2020, s.61). Denne prosessen kallar seg også for låning, og skjer ikkje berre med leksikalske ord, men også innanfor fonologi, grammatikk og syntaks. Det finnest forskjellar på dei ulike låna, førebels korleis dei passar inn i språkets fonologi. Det tyder at nokre ord vil bli overført frå engelsk til norsk med same fonologiske struktur, mens andre ord vil følge den norske fonologiske strukturen (Campbell, 2020, s.61-62). Eit døme er orda *weekend* og *image*, kor *weekend* har fått ein norsk fonologisk struktur, ved at [w] blir uttalt med [v]. Ordet «image» derimot følger den fonologiske strukturen til kjeldespråket. At eit språk tek i bruk lånord er vanleg, og fleire store språk har mange lånord. Eit døme på eit kjent og mykje brukt lånord i fleire land er ordet coca-cola. Under kan ein sjå eit døme på historia til lånordet.

*Coca-Cola* < *coca* < *Quechua kuka* «*coca leaves, coca bush*», borrowed via Spanish *coca*, and *cola* < languages of West Africa *kola* «*cula nut*» (for example *Temne kola*, *Mandingo kolo* «*cola*» (tree species)(Campbell, 2020, s.62).

Strukturen til lånord som inkorporerast i eit språk passer ofte både fonologisk og morfologisk. Likevel er det døme på nyare versjonar av ordet for å kunne tilpassa dei fonologiske og morfologiske strukturane til språket som tek lånordet i bruk. Eit tilfelle der fonologiske strukturar blir endra er når kjeldespråket ikkje har den fonetiske lyden til ordet. Då må språkbrukarane tilpassa eller erstatte den originale lyden med den fonetiske lyden som ligg nærast språket sitt. Eit døme er engelske ord med [z] i norsk, til dømes ordet «jazz». På norsk vart fonemet [z] erstatta med [s]. Dette blir gjort ut frå den språklege kunnskapen den enkelte språkbrukar har. Eit lånord kan også modifierast til å passe inn i språkets fonologi, dette skjer ved å bruke rekombinasjonar av lyder (Campbell, 2020, s.65-67). Uttalen på lånordet

kan i fleire tilfelle variera ut frå kven som brukar ordet. Nokre menneske har ein betre kjennskap til framandspråket, og vil kanskje uttale lånordet slik som kjeldespråket. I oppgåva kan det tenkast at personane har forskjellig engelsk kompetanse, noko som kan påverka måten dei ulike orda blir uttalt. Ved morfologiske endringar er det dei mindre bestanddelane ordet er bygget opp av kor det skjer ei endring, førebels allomorfar eller konkrete lydkombinasjonar (Campbell, 2020, s.68-69). Eit døme er det engelske lånordet *vibe* som får -s i fleirtal.

## 2.2 Kodeveksling

Kodeveksling skriv Margareth Egeberg i masteroppgåva si som «(..) ferdigheten tospråklige(eller flerspråklige) har til uanstrengt og veksle mellom to språk eller varieteter» (Masteroppgåve, Egeberg). Like eins skriv Unn Røyneland at omgrepet kodeveksling i dag blir brukt i vekslinga mellom ulike språk. Kodeveksling førekjem ikkje nødvendigvis på grunn av manglande språkkunnskap, eller at ein har problem med å uttrykkje seg. Derimot kan det førekome i ein samtale for å markere sosial, kulturell eller psykologisk nærleik eller distanse til den personen ein samtalar med (Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy,2017, s.52-53). Til forskjell frå lånord er kodevekslingar meir spontane. Lånord kan tenkast som integrerte delar av mottakarspråket, noko kodevekslingar ikkje kan.

Kodeveksling kan bli gjort på ulike nivå basert på kommunikasjonssituasjonen. Eit *intra-situasjonelt* nivå handlar om kommunikasjon som skjer innanfor den same situasjonen/konteksten, mens på eit *inter-situasjonelt* nivå skjer vekslinga mellom språka frå ein kontekst til ein annan (Mæhlum, 2020, s. 26). I undersøkinga vil det vera interessant å sjå om språket endrar seg ut frå eit *intra-situasjonelt* og/eller eit *inter-situasjonelt* nivå. Vil det førebels vera store forskjellar mellom dei ulike personane? Kodeveksling kan bli delt inn i tri ulike tilnærmingar: den interaksjonelle, den grammatiske og den sosiokulturelle. I denne oppgåva spelar den sosiokulturelle tilnærminga ei viktig rolle, då ho seier noko om kva som motiverer språkbrukarar til å velja ulike varietetar i ein samtalsituasjon (Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy,2017, s.49). Det er viktig å presisere at kodevekslingar kan innebere alt frå eit ord til lengre setningar. I undersøkinga er det fleire døme på ord, lengre setningar og frasar. For å skape eit heilskapleg bilete kjem skilje mellom lånord og kodevekslingar ikkje til å vera ein del av oppgåva.

### 2.3 Norsk møter engelsk

Når ein skal snakke om engelske ord og frasar er det viktig å gje ei beskriving av den sociolingvistiske konteksten orda blir brukt i. Korleis det engelske språket har vakse fram til å bli eit framstående språk i Noreg er eit resultat av ein langvarig prosess som har skjedd over lenger tid. Allereie frå 1700-talet har det norske språket vorte eksponert for språkleg innverknad gjennom blant anna skipsfart til engelsktalande land. Handel, shipping og utvandring skapa kontakt. Utvandrarar til USA tok også med seg engelske ord då dei kom att til Noreg (Haugen, 1950, s. 227-228). Denne innverknaden fortsette då den industrielle revolusjonen slo til, og ny teknologi førte med seg nye nemningar som var på engelsk. Kontakten mellom dei engelsktalande landa og Noreg auka etter den andre verdskrigen, dette vart skulda statusen USA fekk som stormakt. Eit tydeleg døme på samanbinding mellom blant anna USA og Noreg er oljeindustrien. Denne delen av næringslivet, sjølve industrien og dei som er tilknytte, er der engelsk utan tvil dominerer. USA fekk med det ein viktig posisjon politisk og kulturelt, noko som resulterte i at angloamerikansk fekk rolla som eit av dei mest sentrale globale språka i verda (Mæhlum,2020, s. 163).

Engelsk språk har fått rolla som eit globalt eller internasjonalt språk som kan fungera som eit felles kommunikasjonsmiddel, eller også kalla *lingua franca*. Engelsk har breidd seg ut over store delar av verda, noko som har skapa frykt for engelsk dominans i nasjonalspråka (nrk.no, 2000). Dette er ein prosess som har gått føre seg over lenger tid, og som har resultert i at fleire land forsøker å styrke nasjonalspråket sitt for å unngå negative konsekvensar av engelskinnverknaden (Mæhlum,2020, s. 157-160).

Til trass for at engelsk har fått stor innverknad i det norske samfunnet har det likevel ikkje vorte eit offisielt andrespråk. Noreg er ikkje underlagt nokon regulær anglofon kolonialisering, i motsetning til land som India, Pakistan og Filippinene som ligg innanfor ein anglofon innverknadsfære (Weston, 2017, s. 89-90). Likevel blir engelsk sett på som det mest framstående hjelpespråket i Noreg (Mæhlum, 2020, s.162). I dag påverkar engelsk språk store samfunnsområde. Ved sida av høgre utdanning og forskning er næringslivet det område som er mest utsett for press frå engelsk (Mæhlum, 2020, s.164). Media, sport, mote, film og så vidare er døme på kulturelle område der den engelskspråklege dominansen er massiv. I likskap er også dataspill, TV-program og internett kjent for sin engelskspråklege diskurs, og er subkulturar fleire gjør seg nytte av i dag (Weston, 2017, s. 89-92; Mæhlum, 2020, s. 164-165). Desse eksempla kan knyttes nært opp til næringslivet.

### **3.0 Sosiolingvistik**

Forholdet mellom språk og samfunn er grunnleggjande for kvifor språkbrukarar varierer språket. I oppgåva ser eg nærare på kven av personane i undersøkinga som tek i bruk engelske ord og frasar, og korleis desse blir brukt i forskjellige situasjonar. Personane har sin eigen identitet, og har forskjellige roller i relasjonar med andre, som blant anna: dotter, mamma, ektefelle, kjærast, kollega og ven. Dei er vakse opp forskjellige stader, i forskjellige miljø og omgås forskjellige menneske. Personane er ulike på fleire måtar, men likevel finst det døme på bruk av engelske ord og frasar hos dei alle. Vidare i oppgåva vil eg difor gjera greie for kvifor ein persons identitet og ulike talesituasjonar kan vera sentrale faktorar for språkleg variasjon.

#### **3.1 Identitet og talesituasjonar som faktorar for språkleg variasjon**

Språk blir sett på som ein av dei viktigaste faktorane som viser fram identiteten til ein person. Identitet kan definerast slik: «(.) har å gjør med oppfatningen og karakteristikken av et jeg: hvem dette jeget er, og hvilken sosial og kulturell tilhørighet vedkommende har(..)» (Mæhlum, Akselberg, Røynealand & Sandøy, 2017, s.106-107). Essensialistisk identitetsforståing kan ein også kalle det, og dette handlar om kjernen av eigenskapar, haldningar og verdiar som kjenneteiknar personar (Hårstad, Mæhlum & Ommeren, 2021, s. 41). Språk kan for nokre menneske handle om identitetsbygging, førebels det å vera «moteriktig», lik som val av klede, hobby og vener. Då snakkar ein om sosiale fenomen og at språkbruken i seg sjølve har eit sosiokulturelt tydningsinnhald. Det er likevel viktig å nemne at språk og språkbruk ikkje alltid er like «enkelt» å vera konsekvent på, som førebels val av klede. Måten ein snakkar på kan formidle sosial informasjon om bakgrunnen vår, kor me er vakse opp og kven me omgås. Denne eigenskapen kallar seg for indeksikalitet (Hårstad, Mæhlum & Ommeren, 2021, s.36-38; Eckert, 2012).

I oppgåva er det døme på engelske ord og frasar som blir brukt på ein indeksikalsk måte. Det er førebels situasjonar der personane i undersøkinga brukar engelske ord og frasar i samtale med ein person og ikkje ein annan. Denne observasjonen seier noko om kva for nokre faktorar som spelar inn for at personen tek desse vala. Har dette å gjera med samtalepartner? Har bruken av engelske ord og frasar nokon samanheng med korleis personen er vakse opp eller

kor personen har budd tidlegare? Eller kanskje alder er ein sentral faktor som avgjer valet språkbrukaren gjer.

Sosiokulturelle og demokratiske endringar spelar ei stor rolle i språkleg variasjon. Gjennom fleire år har befolkningstrukturen i Noreg endra seg, og fleire menneske bur nå i byane og er ikkje lenger bundne til primærnæringane som dei var før. Fleire tek høgare utdanning, noko som også bidrar til ei nærare kontakt mellom menneska frå sentrale og perifere strøk (Mæhlum, 2002, s. 79-81). Endringane som har skjedd har likevel ikkje ført til ei homogenisering av språket, altså at språket har vorte likt. Tvert i mot lagar menneska sine eigne identitetsuttrykk basert på geografisk opphav, globale impulsar og særtrekk ved ein sjølv. Alle har i dag stor fridom til sjølv å vele kven dei ein ønskjer å identifisere seg med, og dermed har lokalmiljø som identifikasjon falt bort (Mæhlum, 2002, s. 82-84).

Språket endrar seg ikkje så mykje som nokon kanskje skulle tru, og i vertfall ikkje av seg sjølve. Det er me som språkbrukarar som skaper endringar ved måten me brukar språket på. Menneske søkjer ofte etter ei kjensle av tilhøyrsla, og denne tilhøyrsla er ein viktig faktor som påverkar val språkbrukarar gjer (Mæhlum, 2002, s. 79-81). Variasjonen kjem av at me skifter kven me er saman med, har ei skiftande oppfatning av korleis det er hensiktsmessig å uttrykke oss og kva for roller me tek i forskjellige situasjonar. Det er også andre faktorar som kan påverka variasjonen og språkvala me gjer som språkbrukar. *Interaksjonelle forhold* handlar blant anna om bestemte språkval ein språkbrukar gjer ut ifrå den sosiale samhandlinga hen er involvert i. Dette kan handle om enkelte situasjonar, i ein gitt kontekst eller i samspel med ein type menneske eller gruppe (Hårstad, Mæhlum & Ommeren, 2021, s. 41-42).

Her er eit døme på interaksjonelle forhold: Ein elev flytta til Østlandet for å gå på vidaregåande skule. Klassen besto av elevar frå Østlandet og Nord-Noreg. For at eleven frå Vestlandet skulle bli forstått valde eleven å endra nokon ord i dialekten sin. Ord som førebels *åkke*, *någe* og *snøs* vart ikkje forstått, og vart difor endra til *oss*, *noen* og *røyte*. Eleven har sidan tida på Østlandet veksla mellom orda. Når eleven er heime brukar hen dei originale orda frå dialekten sin, mens saman med andre menneske brukar hen orda frå Østlandet. Dette døme kan vera med å illustrerer tilhøvet mellom språkleg variasjon, identitet og talesituasjonar. Vedkommande ønskte truleg ein kjensle av tilhøyrsla, endra orda i dialekten sin ut frå samtalepartnaren. At eleven endra dialekten sin heime er eit døme på indeksikalsk språkbruk der eleven ønskjer å formidle sosial informasjon og tilhøyrsla til heimlassen.



Personane i undersøkinga lever forskjellige liv, er frå forskjellige stader i landet. Dei varierer språket ut frå kva som er hensiktsmessig i dei ulike situasjonane. Interaksjonelle forhold, tilhøyrse og identifikasjon er difor viktige nøkkelord som er med å illustrere korleis personane i undersøkinga varierer språket i dei ulike situasjonane. Nokre av personane i undersøkinga varierer førebels språket ut frå den sosiale samhandlinga dei er involvert i, lik som på eit arrangement, jobb eller blant vener. Identifikasjon og tilhøyrse er også viktige faktorar å regne med då fleire av personane uttrykker seg på ulike måtar ut frå kven dei ønskjer å identifisere seg med. Dette handlar om å føle tilhøyrse i ein kontekst saman med andre menneske.

### **3.2 Bruk av engelsk språk blant påverkarar i sosiale media**

Sosiale medium er plattformer der brukarar lagar sin eigen profil innanfor eit nettverk kor vedkommande er i ein interaksjon med andre. Sosiale medium blir anvende av så mange som 80% nordmenn frå alderen 16 til 79 år (forskning.no, 2018). Bruken varierer, men det er i hovudsak ungdomar som brukar det mest (Meedby, 2021). Det er dessutan vist at ni av ti ungdomar i dag blir eksponert for forskjellige type marknadsføring frå media som Facebook, Instagram og Snapchat (Steinnes & Teigen, 2021). Denne marknadsføringa blir gjort av personar som kallar seg for påverkarar. Ein påverkar er ein person som profilerer ulike produkt via kanalane sine på sosiale medium og som tener pengar på det. Dei har ofte samarbeid med fleire annonsørar (Meedby, 2021). I denne oppgåva kallar alle personane i undersøkinga seg for påverkarar, og driv med dette som jobb på fulltid.

Både barn, ungdom og vaksne samanliknar seg ofte med påverkarar i ulike medium. Dette kan vera frå å vilje sjå ut som profilane, ha same klede, livstil og til og med snakke tale likt som dei. Viser til omgrepet indeksikalitet nemnt i punkt 3.1, som handlar om formidling av sosial informasjon og at språkbruken i seg sjølve har eit sosiokulturelt tydingsinnhald. I ein studie om «selvet i sosiale media» forklarar Mette Haar Meedby korleis påverkarar produserer materiale som gjev reklame for annonsørane dei samarbeider med. Dette gjelder alt frå nyhetsdikurser til matoppskrifter og treningsprogram. Annonsane er bakt inn i innlegga som dei forskjellige påverkarane publiserer på kanalane sine. Dette arbeidet har gjeve påverkarar i sosiale medium ei stor makt, kor dei har teke rolla som informasjonsformidlar på sosiale medium (Meedby, 2021). Ein påverkar kan ha fleire hundre tusen følgjarar, og har difor moglegheita til å påverka mange barn, ungdom og vaksne. Ein påverkar kommuniserer med

følgjarane sine på forskjellige måtar, blant anna ved å publisere bilete på profilen sin, videoopptak i Snapchat eller «livestream» på Instagram og Youtube. Påverkarar må leggje til rette materiale ut frå følgjarane, både når det kjem til språk, bilete osv. Nokre påverkarar har følgjarar frå andre delar av verda, og tar difor i bruk engelsk for å kunne formidle informasjon til alle. Dei er på denne måten med på å skape eit digitalt nettverk saman med følgjarane sine på dei forskjellige kanalane.

#### 4.0 Metode

Eg skal analysere språkbruken til personane i realityprogrammet *Bloggerne*. Eg utforskar korleis dei engelske orda og frasane blir brukt, og om forskjellige situasjonar verkar inn på bruken. Eg tek for meg sesong seksten av programmet, som er den nyaste sesongen sluppen ut. I undersøkinga har eg samla inn ti narrasjonar frå kvar person. Narrasjonane varierer ut frå kven eg observerer. Det betyr at nokre av narrasjonane er lenger, nokre er saman med andre personar eller aleine, og nokre er heime eller på spesielle stader. Sesongen har tjuuein episodar, og det varierer kor mange episodar som trengst for å nå ti narrasjonar per person. Fire personar er med i undersøkinga. Utvalet er basert på blant anna alder, livssituasjon, sivilstatus og interesser. På denne måten har eg funne personar som er forskjellige, trass for at dei arbeider i same bransje. Dette er det breiaste spekteret programmet tillét for å kunne gje oppgåva eit best mogleg bilete på den språklege situasjonen. På denne måten kan utvalet fungera som eit utgangspunkt for vidare forskning. Personane som er med i undersøkinga er Emma Ellingsen, Alexandra Joner, Eveline Karlsen og Monica Nyhus. I punkt 4.1 vil eg presentera dei ytterligare.

I undersøkinga er det døme på forskjellige narrasjonar. Det er blant anna narrasjonar der personane filmar seg sjølv mens dei talar. Denne typen narrasjon går føre seg ved at dei enten held kameraet sjølv, eller at eit filmteam filmar dei i noko som kallar seg for *sync*. Det er også situasjonar der filmteamet står utanfor og filmar personane saman med andre menneske. I undersøkinga er det viktig å lage eit skile mellom dei ulike narrasjonane. Ofte vil samtalar med ein sjølv føre eit kamera vera annleis enn i samtale med nokon andre der kamera «står utanfor». Ein samtale føre kamera kan på mange måtar ha fellestrekk med førebels det å halde eit føredrag. I begge talekontekstene vil det vera eit publikum og ikkje partnarar ein talar med. Desse samtalanane kan også variera ut frå mottakar, situasjon og samtaleemne. Samtalanane aleine føre kamera er også direkte retta mot dei som ser på programmet, og er mindre personlege

enn samtalane personane har med familie eller vener. I samtalane føre kamera vil ein gå ut frå at personane i større grad tenkjer over kva og korleis ting blir sagt. Dette i motsetning til ein samtale der personen har ein mottakar som kan svare og stille spørsmål undervegs.

Kvar episode varar i tjue minutt og tri personar blir presenterte kvar gong. Det betyr at kvar person får omlag seks minutt TV tid i kvar episode. Eg tek utgangspunkt i ti narrasjonar og ikkje minuttar, for eg kan ikkje kontrollere kor fort ein person talar eller kor lang ein narrasjon er. Observasjonane blir ført inn i eit strukturert skjema, som er likeins for alle personane som deltek i undersøkinga. I skjemaet er det oppgitt antal narrasjonar, episode, situasjon, observasjon og antal tilfelle. Engelske ord og frasar er samla saman under «observasjonar» i skjemaet.

#### **4.1 personane i undersøkinga**

Eg tek som tidlegare nemnt utgangspunkt i fire av sju personar frå realityprogrammet *Bloggerne*. Personane er forskjellige på kvar sin måte, både i interesser, alder, sivilsituasjon, livsfase og kor dei opphavleg kjem frå. Dei arbeider alle som påverkarar, og lev av å underhalde og sel ulike varer til eit publikum. Dei fire personane eg observerer i oppgåva meiner eg kjem med tydelege døme på bruk av engelske ord og frasar, som er med på å svara på problemstillinga mi. Nedanfor presenterer eg dei ulike personane.

**Emma Ellingsen** er 20 år og kjem frå Tønsberg. Ho er den yngste av dei fire personane eg har valt ut i undersøkinga. Ho vart først kjent då hun sto frem som transperson. Emma blei født som ein gut saman med sin eldre tvillingbror Truls. I programmet «født i feil kropp» og med boka «Emma» delar ho historia si med resten av verda. Den siste tida har ho begynt å jobbe som påverkar og modell på heiltid, og er særleg kjent for sin instagramkonto med 690 000 følgjarar. Ho har vært med i realityprogrammet *Bloggerne* to gonger, og har sidan då vært på TV fleire gonger (P9 retro, 2017: Wikipedia).

**Alexandra Joner** er kjent som artist, dansar og skodespelar. Ho har deltatt i programmet MGP, og har vore deltakar i ei rekke andre programmar. Nyleg har ho starta opp sitt eige sminkemerke som heiter Joner Cosmetics. Ho er 31 år gamal, og bur saman med milliardæren Runar Vatne og to hundar i Oslo. Joner har slektskap frå Kuba der mor kjem frå. I likskap med dei andre personane lever også Joner av sosiale medium og kallar seg for påverkar

(wikipedia, 2022). Ho har ein instagramkonto der ho delar livet sitt med 55 000 andre følgjarar, og har vore med i realityprogrammet *bloggerne* to gonger.

**Eveline Karlsen** er ei 30 år gamal dame frå Skien som nyleg slo igjennom med sin youtubekanal, instagramkonto og som makeupartist. Ho er kjent for sine mange youtubevideoer om sminketips og styling, og har blant anna samarbeida med Bianca Ingrosso. Eveline er singel og bur i eit hus aleine i Skien, men har i motsetning til dei andre valt å pendle frå Skien til Oslo for å arbeide. Ho leiger ein leilegheit der, men ønskjer ikkje å busette seg der. Ho er i likskap med dei andre personane ein påverkar som får store delar av inntekta si frå samarbeid med ulike annonsørar.

Til forskjell frå dei andre personane er **Monica Nyhus** ei etablert firemorsmamma. Saman med ektemannen Chris har dei eit eige kledesmerke «dröm», to instagramkontoar og ein snapchatbrukar som dei lagar ulike type materiale med. Monica er 34 år gamal, og er den eldste av dei fire personane eg observerer i undersøkinga mi. Ho kjem opphavleg frå Kristiansand, og har budd store delar av livet sitt der. Hausten 2020 valte familien å flytte til Oslo for å satse på karrieren. Ho er den eldste personen i undersøkinga, og den som skil seg mest ut frå dei andre. Ho er i motsetning til dei andre deltakarane blant anna gift og etablert med barn. Tabell 1 gjev ei oppsummering av deltakarane og viktige faktorar.

**Tabell 1.** Deltakarar i undersøkinga.

Namn	Alder	sivilsituasjon	livsfase	jobb	bustad
Emma Ellingsen	20 år	singel	Nyleg flytta ut frå mor og far	Påverkar, modell & gründer av sminkemerket «Emma Ellingsen beauty»	Oslo
Alexandra Joner	31 år	sambuar	Etableringsfasen	Påverkar, artist & gründer av sminkemerket «Joner cosmetics»	Oslo
Eveline Karlsen	30 år	singel	Etableringsfasen	Påverkar & makeupartist	Skien

Monica Nyhus	34 år	gift	Etablert firebarnsmor	Påverkar & gründer av kledesmerket «dröm»	Oslo
--------------	-------	------	-----------------------	---	------

## 4.2 Avgrensingar

I undersøkinga vel eg ut fire kvinnelege personar som eg observerer. Det var ein moglegheit å ha med ein mannleg figur, men eg konkluderte med at han ville vera eit dårleg døme ut frå problemstillinga eg har valt ut. I programmet skal han reise til ei bygd å bu i nokre månader. Dette pregar narrasjonane han har ettersom han ikkje er i sine «naturlege» omgjevnader og har i store delar av programmet berre narrasjonar med seg sjølv. Eg ville på den måten ikkje fått kontekster som eg ville samanlikne. I ei undersøking ønskjer man eit så representativt utval som mogleg. Dersom man ønskjer at funna skal dekke alle, og ved å presentera eit kjønn kan dette vera ein faktor som avgrensar oppgåva. Det kan blant anna vera med å gjera det vanskeleg å studere funna statistisk, ettersom det er ei mindre gruppe som blir representert. Det finst også andre moglege avgrensingar i undersøkinga, førebels at dei blir filma til å vera på TV. Det å bli filma er ein kunstig situasjon, der ein på fleire måtar kan bestemme korleis ein person skal bli framstilt. Denne framstillinga kan vera ufiltrert, eller så kan personen eller produksjonen endra på delar av framstillinga undervegs. Eit kamera kan også endra måten personane talar på, eller korleis personen eigentleg oppfører seg i enkelte situasjonar. I denne oppgåva ser eg på korleis personane talar, og ønskjer eit så verkelegheitsnært bilde som mogleg av personane.

I realityprogrammet *Bloggerne* får ikkje sjåaren sjå heile konteksten, då fleire delar er redigert bort. Det sit med andre ord personar som har makt over kva som blir vist i programmet. Dette er ein viktig faktor å rekne med i ei slik undersøking. Eg ha til saman samla inn førti narrasjonar frå fire personar. Dette utgjer ein stor mengde data, som resulterer i at eg må gjera ei avgrensing. Eg analyserer ikkje kvifor dei enkelte orda og frasane som eg har funne blir brukte, eller kva for kategori dei høyrer til. Oppgåva sitt omfang tillét ikkje ei slik grundig analyse av enkeltord og frasar. Eg har difor retta fokus på mengde engelske ord og frasar, kor frekvente dei er og i kva situasjonar dei oppstår i.

## 5.0 Funn og diskusjon

Etter fleire timer med observasjonar viser undersøkinga mi at alle fire personane tek i bruk engelske ord og frasar i ein eller fleire situasjonar. Observasjonane er alt frå korte ord til lengre setningar. Nokre ord er ekspressive og tydelege, som førebels: *hey babe!* og *shut the fuck up!*. Mens andre ord i større grad er vevd inn i setningane, lik som dette døme: *Norge har åpnet igjen, og jeg skal nå gjøre meg klar for mitt første event siden korona.* Det er også døme på ord som går igjen, førebels: *viber* og *all in*. Alle personane i undersøkinga har narrasjonar som går føre seg aleine føre kamera, eller saman med vener, familie og kollegaer. Eg vil vidare nedanfor ta for meg ei grov samanlikning før eg etterkvart ser nærare på kvar person og kommenterer dei spesifikke forskjellane eg fann. Eg vil særleg kommentera dei ulike situasjonane personane tek i bruk engelske ord og frasar, og sjå på kva som skil språket i dei ulike situasjonane. Eg vil også sjå korleis faktorar som sivilsituasjon, livsfase og alder kan ha noko å seie i dei forskjellige situasjonane og korleis det er forskjellig frå personane i undersøkinga.

Det vart tidleg konstatert at alder hos dei forskjellige persona hadde mykje å bety for kor hyppig engelske ord og frasar vart brukt. Hos den yngste personen Emma Ellingsen er engelske ord og frasar brukt i så og sei alle narrasjonane, mens hos den eldste personen Monica Nyhus er bruken betrakteleg mindre. Dette gjeld også personane som ligg i alderen mellom. Det er tydeleg at livsfasen til dei ulike personane er ein faktor som spelar inn, då det er store forskjellar mellom dei tri damene Monica, Alexandra og Eveline tross minimal aldersforskjell. Monica med sine fire barn tek i bruk færre engelske ord og frasar enn dei siste nemnte. Ein samanlikning mellom Emma og Eveline sine narrasjonar tydar også på at sivilsituasjon spelar ei rolle, dei er begge single og utan barn. Det er interessant å sjå på situasjonane til personane som er likeins, førebels narrasjonar dei har saman med familie. Etter ti narrasjonar bruker verken Emma, Alexandra eller Monica engelske ord og frasar saman med familie.

### 5.1 Emma Ellingsen

Emma er den yngste personen i undersøkinga, og var som forventa den som tok i bruk flest engelske ord og frasar samanlikna dei andre deltakarane. Ord som *basically*, *image*, *relaunch*, *babe*, *partygirl* og *event* (1-4) er døme på ord ho tok i bruk. I døma er det i utgangpunktet norsk språk som ho talar, og dei engelske orda kjem midt i ytringane. I døme (1) er det tri

engelske ord i same ytring. Desse blir uttalt på forskjellige måtar, kor *relaunche* får ei norsk grammatisk bøying, mens *image* og *basically* blir uttalt lik som kjeldespråket. Sjølv om *image* blir uttala på engelsk, og dermed meir som kodeveksling blir det framleis tilgjeve eit kjønn. Framfor å bruke *a new image* i substantivfrasen, blir berre substantivet *image* brukt i inkjekjønn. I døme (2), (3) og (4) er det berre eit ord i setninga som engelsk. Døma representerer ulike situasjonar, kor døme (1) er saman med ven/kollega, (2) er i telefon med ein ven og (3-4) er i ein narrasjon med seg sjølv føre kamera.

(1) «Det er spennende at vi skal **relaunche** og finne et nytt **image** og et nytt navn **basically**» [Emma, episode 7].

(2) «Hey **Babe!** Okei, jeg trenger litt hjelp» [Emma, episode 4].

(3) «For å være ærlig så føler jeg at jeg har blitt en **partygirl**» [Emma, episode 4].

(4) «Norge har åpnet igjen, og jeg skal nå gjøre meg klar for mitt første **event** siden korona» [Emma, episode 4].

Det er fleire døme på at Emma vekslar språkvala ut ifrå den sosiale samhandlinga ho er involvert i, også omtala som interaksjonelle forhold. I undersøkinga hadde Emma narrasjonar i situasjonar med vener på arrangement, heime og i telefon, saman med kollegaer på kontoret, med familie på kafé og heime aleine med seg sjølv føre kamera. Situasjonane der Emma tek i bruk flest engelske ord og frasar er i narrasjonar saman med vener, uavhengig av kor og kven dei er. Døme (1) er med på å illustrere dette.

I den første narrasjonen er Emma saman med vener på same alder som også bruker engelske ord og frasar i samtalen. Det er i denne narrasjonen bruken er mest frekvent, og det kan verka som at personane i samtalen påverkar kvarandre. Denne påverknaden kan handle om kven ho ønskjer å identifisera seg med, eller korleis ho ønskjer at venegruppa skal oppfatte ho. Funna er konsekvente med at bruken av engelsk er med på å skape sosiokulturelt innhald for gruppa. Responsen Emma får frå venene sine kan også vera ein faktor som spelar inn for korleis ho vel å utrykke seg, blant anna ved at venene svarar med forskjellige ytringar som inneheld engelske ord og frasar. I dette tilfelle verkar det som at bruk av engelske ord og frasar fell naturleg for ho i samtalen.

Når Emma er aleine føre kamera varierer bruken av engelske ord og frasar ut frå kva ho talar om. Ein interessant observasjon er frå narrasjon ein og ni, der temaet i begge narrasjonane er kjønnsoperasjon. I narrasjonen med vener tek ho i bruk ord som *heavy*, *we got our vacoochies* og *back to normal* (5-7), og uskadeleggjer temaet for publikumet og venene sine. Døme (6) er med på illustrera korleis Emma tek i bruk ein engelsk frase for å lette på stemninga rundt tema. Først seier ho alvorleg; *Vi er sykt heldige for at alt har gått så bra*, før ho så legger til; *We got our vacoochies*, som får venene til å le. Samtalen er ikkje prega av ein alvorleg tone, og ho uttrykker både smil og latter. I den andre narrasjonen er ho aleine med kamera og talar om det same temaet. I denne narrasjonen er ho alvorleg, og uttrykker seg annleis. Det er til dømes inga bruk av engelske ord eller frasar i narrasjonen, og ho ordlegg seg på ein annan måte enn i samtalen med venene. Ho forklarar blant anna situasjonen meir detaljert utan å uttrykke nokon emosjonelle følelsar som smil eller latter.

(5) «Ja, det var veldig **heavy** dager» [Emma, episode 2]

(6) «Vi er sykt heldige for at alt har gått så bra. **We got our vacoochies**» [Emma, episode 2].

(7) «Veldig bra. **Back to normal**» [Emma, episode 2].

Det er tidlegare nemnt at Emma er blant dei som ikkje tek i bruk engelske ord eller frasar i narrasjonar med familie. I narrasjon sju og åtte er Emma på tur og kafé med mammaa si. Her observerer eg ikkje bruk av engelsk, og ho har ein meir vaksen måte å uttrykke seg på. Der ho blant anna er meir formell i språket med mor, enn med vene sine. Emma varierer språkbruken ut frå den sosiale samhandlinga ho er involvert i, og alder og relasjonen ho har til samtalepartnar synar å vera avgjerande. Det er nærliggande å tru at venene til Emma i større grad forstår ord som *vibe*, *slay* og *totes*, enn kva mor hennar gjer. Orda høyrer til i sosiale kontekster, der Emma og venene hennar er i, men ikkje mor. Dette heng saman med det faktum at ungdom talar på eit vis saman med vener, og eit anna vis saman med familie.

**Tabell 2**

Narrasjon	Episode	Situasjon	Observasjonar	Tilfelle
1.	2.	Med vener heime	Single, Catch up, hungry, how are you, everything,	9



			back to normal, heavy, we got our vacoochies, totes	
2.	4.	I telefon med gutteven	Event, Babe, dresscode, outfit, bye	5
3.	4.	Heima aleine føre kamera	Have a drink, party girl, viber	3
4.	4.	Med vener på eit arrangement	Vibes, shut the fuck up, hey babe!	3
5.	7.	Med kollega på kontoret	Basically, image, vibe, relaunch	4
6.	7.	Heime aleine føre kamera	Shoot, Slay, killing the game, you are dooing good, good vibes	6
7.	11.	Med mamma på tur		0
8.	11.	Med mamma på kafé		0
9.	12.	Heime aleine føre kamera	dress	1
10.	20.	Heime saman med venninne	Management, high five, Whatever, hold in, be right back	5

## 5.2 Alexandra Joner

Av alle personane i undersøkinga er det Alexandra som har flest narrasjonar aleine føre kamera der engelske ord og frasar blir brukt mest (sjå døme 8-10). Fleire av narrasjonane er lengre engelske setningar eller frasar, som førebels: *why be basic when you can be extra, i dont know how to fucking do this* og *I get tired of this brain* (8-10).

(8) «Og jeg har jo sagt: **why be basic when you can be extra**» [Alexandra, episode 4]

(9) «Jeg kan ikke lage pene bord, **I dont know how to fucking do this**» [Alexandra, episode 5].

(10) «Jeg blir sliten av meg selv, hvis dere lurer i **get tired of this brain** [Alexandra, episode 5].

Alexandra er fleirspråkleg og morsmålet hennar er norsk. På den måten klarar ho avslappa å veksle mellom språka, og tek i motsetning til dei andre personane i bruk lengre setningar og frasar på engelsk. Andre døme er førebels: *more is more*, *I look like a mess* og *look so pretty*. Dei interaksjonelle forholdene spelar også ei viktig rolle i narrasjonane til Alexandra. Saman med vener, familie og kollegaer bruker ho lite engelsk, og orda er korte og enkle. Nokre døme er: *prep* og *makeup* (11-12).

(11) Prep= forkortelse for preparation

«**prep, prep**.. En sangtime hadde jeg sikkert ikke hatt noe vondt av» [Alexandra, episode 10]

(12) «Du er på et event med Dajana **makeup**» [Alexandra, episode 4]

Eit meir konkret døme på rolla til dei interaksjonelle forholda er frå narrasjon fire, der ho talar om sminkekolleksjonen sin, kontra narrasjon sju der ho talar om morgonrutinen sin. I førstnemnte narrasjon talar ho om noko som interesserer og engasjerer ho. I denne narrasjonen bruker ho fleire engelske ord og frasar som blant anna desse orda i døme (13): *stand*, *all in*, *booka*, *cupcakes*. Og *I dont know how to fucking do this*(9) og *I get tired of this brain*(10) vist ovanfor. I narrasjon sju der ho fortel om morgonrutinen sin, og eit mindre spennande tema er det vesentleg mindre bruk av engelske ord og frasar. Døme viser at konteksten, og tema i samtalen er ein faktor som spelar inn for bruken av engelske i dei ulike situasjonane.

(13) «Jaja, når alle skal ha **stand**, så må jeg gjøre det i Joner-stil å gå litt **all in**. Jeg har kjøpt pressevegg, **booka** ballonger og **cupcakes**.» [Alexandra, episode 5]

I fleire episodar brukar Alexandra engelske ord og frasar på ein indeksikalsk måte. Dette er ein eigenskap som er med på å formidle sosial informasjon om førebels bakgrunn og personleg identitet. Aleine føre kamera beskriv ho seg sjølv som ungdomleg, men opptrer annleis for vener og familie. Ho bruker fleire og tydelegare engelske ord og frasar aleine føre kamera (sjå døme 8-10) enn ho bruker saman med familie og vener. Dette blir vist ikkje berre med ord, men ho er også mykje meir energisk og flåsete i kamera aleine. Språk blir som tidlegare nemnt sett på som ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorane for å vise fram personleg identitet. Her verkar det som at Alexandra forsøker å vera ein person føre kamera,

men er ein annan i verkelegheita. Dette handlar om korleis ho ønskjer å bli identifisert og oppfatta blant andre menneske. Døme (13) illustrera godt korleis Alexandra talar føre kamera, mens døme (14) illustrera korleis ho talar saman med kollegaer. I døme (13) og (14) talar Alexandra om jobb. I døme (13) talar ho om sminkemerket sitt, mens i døme (14) er ho på eit modelloppdrag å talar med kollegaer utan å bruke engelske ord eller frasar.

(14) «Nå føler jeg meg ganske kul. Hvis jeg skulle hatt hatt, hvilken hatt skulle jeg kjørt på med da?» [Alexandra, episode 7]

**Tabell 3**

Narrasjon	Episode	Situasjon	Observasjonar	Tilfelle
1.	1.	Heime med mammaa si		0
2.	4.	Heime aleine føre kamera	Event, Fuck, «because I love makeup», «why be basic when you can be extra?», like this	5
3.	4.	Saman med veninner på eit arrangement	Makeup	1
4.	5.	Heime aleine føre kamera	Stand, cupcakes, all in, booka, «I get tired of this brain», «i dont know how to fucking do this», extra flowers	7
5.	5.	Saman med veninne i bil		0
6.	5.	Heime aleine føre kamera	Party, «More is more», «here i come», i did it, looks very pretty, oh my god	5
7.	7.	Heime aleine føre kamera	Fan, «dont mind me», «i look like a mess»	3
8.	7.	Saman med kollega på kontoret		0
9.	9.	Heime saman med svigermor	«let gets to it», baby	2
10.	10.	Saman med kollega i musikkbransjen	Scene, Prep(forkorting for preperation), «all in»	3

### 5.3 Eveline Karlsen

Etter å ha observert Eveline sine narrasjonar fann eg fort likskap med Emma sine narrasjonar. Dei bruker begge mange engelske ord og frasar, særleg blant vener. Trass ein aldersforskjell

på ti år lever Eveline og Emma relativt like liv. Dei andre personane i undersøkinga har mann, barn og hund, mens Eveline og Emma er ikkje bundne på same måte. Alder, kombinert med sivilsituasjon kan vera ein viktig faktor. I nokre av narrasjonane saman med vener verkar Eveline og Emma tilsynelatande friare i talen. Ord som *party*, *single* og *vibes* er døme på engelske ord som går igjen hos begge personane. Monica og Alexandra verkar meir reservert ovanfor deira vaksne vener, og bruker ikkje engelske ord eller frasar i dei same situasjonane.

Hos både Eveline og Emma er det døme på narrasjonar med gutar. I narrasjon fem har Eveline ein «date» på besøk. I løpet av besøket tek ho ikkje i bruk engelske ord eller frasar. Dette i motsetning til Emma som er i telefonsamtale med ein guteven og bruker fleire engelske ord som førebels: *Event*, *Babe*, *dresscode*, *outfit* og *bye*. Dette er eit døme på variasjon ut ifrå kontekst, og kven samtalepartner er. Det kan hende Eveline i dette tilfellet er restriktiv i måten ho talar på, ettersom dette er ei meir formell hending enn å prate i telefonen med ein god ven. Det verkar som at Emma i denne situasjonen har god kjennskap til guten i telefonen, og er difor friare i måten ho talar på. Dette er igjen eit døme på korleis interaksjonelle forhold spelar ei rolle i språkvala ein språkbrukar gjer.

Eveline og Alexandra Joner er omlag like gamle, men likevel bruker Eveline tilsynelatande fleire engelske ord og frasar i enkelte situasjonar. I narrasjonar med vener og kollegaer er det fleire døme der Eveline brukar engelsk, kor Alexandra ikkje bruker det. Likevel er det likskap mellom narrasjonane dei har med seg sjølve, og orda og frasane dei bruker. Eveline har også døme på lengre frasar som: *she's my ride or die* (15) og *no trend brand* (16), som også Alexandra har fleire døme på.

(15) «Er det noen som fortjener det så er det faktisk Anniken. **She's my ride or die**» [Eveline, episode 3]

(16) «På sånne type møter er jeg som vet visjonen bak det vi skal skape. **No trend brand**- veldig bra. Skapt av følgere og likesinnede» [Eveline, episode 15]

**Tabell 4**

Narrasjon	Episode	Situasjon	Observasjonar	Tilfelle
1.	3.	hotellrom aleine føre kamera	Booke, Weekend, Party, Non- stop, «she's my ride or die»	5

2.	3.	Saman med venninne på hotellrom	Chug, i dont care, glam, good to go, party	5
3.	4.	Saman med venninne heime	Dating, Action, Single, All black, funeral vibes, explained	6
4.	7.	I bilen aleine føre kamera	Customized	1
5.	7.	Saman med guttevenn heime		0
6.	11.	Heime aleine føre kamera	Beauty, Business	2
7.	12.	Aleine føre kamera på hotell	Rush, pizza, avocado toast	3
8.	12.	Aleine føre kamera på hotell	Perfume	1
9.	13.	Saman med vener på arrangement	Happy	1
10.	15.	Med kollegaer på kontor	brand, rebell, duo, success, «no trend brand», «all in»	6

#### 5.4 Monica Nyhus

Monica er personen i undersøkinga som tek i bruk minst engelske ord og frasar. Ho er den eldste personen som er med, og mykje kan tyde på at livssituasjon er ein viktig faktor som kan vera med å forklare kvifor det er slik. I motsetning til dei andre personane er Monica etablert med både mann og fire barn. Monica varierer språket intra-situasjonelt i likskap med dei andre personane. Innanfor den same situasjonen er det døme på at ho varierer språkbruken ut frå om ho talar me barna eller mannen sin. Orda *low-key* og *crazy* (17-18) er engelske ord som kommer i narrasjonar med mannen, mens i samtale med barna er det ingen tilfelle der ho bruker engelske ord eller frasar. Her tilpassar ho språket ut frå samtalepartner, og i dette tilfelle er barna for små til å forstå engelske ord. Dei aller fleste vaksne som har barn vekslar måten å tale på, for at barna skal forstå det som blir sagt.

(17) Et **low-key**, koselig loppemarked» [Monica, episode 3]

(18) «Det er helt **crazy** bananas. Ja, det er bare å begynne» [Monica, episode 3]

I narrasjonar med vener ute på arrangement bruker Monica fleire engelske ord og frasar, deriblant ord som *surprise*, *deadline*, *oh my lord* og *girls night out* (19-22). På desse arrangementa er ho saman med andre kollegaer frå påverkar bransjen, som i likskap med Monica bruker engelsk. Monica har reist mykje og har fått mange følgjarar frå andre land. Ho talar og skriv difor ofte engelsk på sine kanalar, noko som kan påverka talemåten i saman med andre i same bransje. Det er mange unge menneske i påverkar bransjen, noko som også påverkar måten ho talar på. Kanskje ho vel å endra språket på ein indeksikalsk måte for å passa inn i miljøet blant dei yngre, då engelskbruken passer i sjangeren som ein påverkar.

(19) «Vi må vell si **surprise?**» [Monica, episode 5]

(20) «Klokka tikker, vi har en **deadline**» [Monica, episode 5]

(21) «**Oh my lord!** Om ikke dette her gir deg muligheten til å bare...»[Monica, episode 5]

(22) «Er det **girls night out** eller er det mammaer som er ute?» [Monica, episode 5]

I forskjellige situasjonar saman med vaksne menneske i familien og sviger-familien er det heller ikkje døme på bruk av engelske ord og frasar. Det er nærliggande å tru at Monica viser den vaksne sida saman med familie og sviger-familie, og får eit meir ungdomleg uttrykk saman med venninner og kollegaer. Døme (19-22) viser korleis Monica talar med vener, mens det er ingen døme på narrasjonar med familie kor engelske ord og frasar blir brukt. Lik som døme med Eveline og «daten» kan det hende ho er meir restriktiv i samtale med andre vaksne, og friare i situasjonar med vener på same alder. Dette handlar om mottakaren, og korleis Monica ønskjer å te seg.

**Tabell 5**

Narrasjon	Episode	Situasjon	Observasjonar	Tilfelle
1.	3.	I bilen saman med familien		0
2.	3.	I bilen saman med familien	Low-key, crazy	2

3.	5.	Saman med vener ute	Surprise, Deadline, Kidz, «oh my lord»	4
4.	5.	Saman med vener ute	«we can conquer the world», «girls night out»	2
5.	10.	Saman med familien		0
6.	10.	Føre kamera saman med mannen	Surfe	1
7.	10.	Saman med mann og mor heime		0
8.	11.	Saman med familien		0
9.	11.	På besøk hos svigerforeldre		0
10.	12.	Saman med vener på arrangement	«your time to shine», «kille viben»	2

### 5.5 Oppsummering av funn

Som ei oppsummering kan ein seia at funna viste både likskap og forskjellar mellom alle fire personane som er med i undersøkinga. Det gjennomgåande er at situasjon, alder og livsfase er viktige faktorar i korleis språket blir brukt. Det er fleire døme på at blant anna intra-situasjonelle forhold, indeksikalitet og identitet spelar ei sentral rolle i korleis personane i programmet bruker engelske ord og frasar. Det er førebels tydelege forskjellar mellom Emma 20 år og Monica 35 år i måten å bruke engelske ord og frasar på og hyppigheita av dei, noko som igjen refererer til alder som faktor.

Summera ein opp tilfella i tal er det Emma og Eveline som bruker flest engelske ord og frasar etter ti narrasjonar. Emma har 36 tilfelle etter ti narrasjonar, medan Eveline har 30. Alexandra ligg like under med 26 tilfelle, mens Monica har snaue 11 tilfelle. Ein kan trass dei ulike tilfella sjå at engelske ord og frasar varierer hos alle personane når det kjem til situasjonane dei blir brukt i. Der Emma bruker flest engelske ord blant vener, bruker Alexandra dei mest når ho er aleine med kamera. Likeins bruker Eveline engelske ord og frasar blant kollegaer, noko Alexandra ikkje gjer. Døma fortel oss blant anna at bruken av engelske ord og frasar blant personane i programmet varierer ut frå fleire faktorar. Ein kan sjå at nokre av personane har ein konsekvent bruk av engelske ord og frasar, i den grad at personen tydeleg skil bruken

ut frå samtalepartner, kontekst og situasjon. Mens andre ikkje har dei same tydelege skilnadene. Resultata i undersøkinga bekreftar at dei forskjellige situasjonane personane er i har mykje å bety for bruken av engelske ord og frasar. Den viser også at ulike faktorar som alder og livsfase spelar ei rolle i kor mykje orda blir brukt. Her viser eg til kontrasten mellom Emma som nyleg flytta ut frå foreldra, og Monica som er ei etablert fire barns mor. Det same gjelder for Alexandra og Eveline, der Alexandra har ein sambuar, mens Eveline er singel.

## 6.0 Konklusjon

Innleiingsvis presenterte eg problemstillinga: «Korleis bruker personar i realityprogrammet *Bloggerne* engelske ord og frasar i ulike situasjonar». Det kom heilt tydeleg fram at personane i undersøkinga bruker engelske ord og frasar i fleire situasjonar. På grunn av oppgåva sitt omfang valte eg å sjå på engelske ord og frasar, utan å kategorisere dei som lånord eller kodevekslingar. Funna vart difor analysert utan detaljar om orda har blitt inkorporert i norsk eller ikkje. Mitt bidrag er med på å vise at engelske ord og frasar blir brukt uavhengig av alder, sivilstatus og livsfase. Men situasjonane dei blir brukt i er ulike å varierer frå person til person.

Vidare forskning kan fokusere på dei enkelte orda og frasane, og gå nærare inn på forskjellane mellom dei ulike orda. Dei kan førebels kategorisere orda som lånord eller kodevekslingar, og analysere korleis dei blir inkorporert i språket med tanke på blant anna grammatiske og fonetiske strukturar. Ein kunne også forska vidare på andre personar i sosiale medium, som ikkje er i påverkar bransjen, og samanlikne dei opp mot resultata eg fekk i oppgåva. Oppgåva gjev eit lite innblikk i måten dei språklege ressursane blir brukt i dag. Den viser at bruk av engelske ord og frasar kan vera konsekvent trass dei ulike situasjonane. I eit større perspektiv vil oppgåva vise at blant anna sosiale medium bidrar til å skape eit nettverk av menneske som påverkar kvarandre, og som bidrar til språkvariasjon. Bidraget mitt kan på den måten vise ei mogleg årsak til språkvariasjon, som vidare forskning kan ha nytte av i eit større prosjekt.



## 7.0 Litteratur

Aftenposten. (2014). *Ungdom lager sitt eget språk i sosiale medier*. Tilgjengelig:  
<https://www.aftenposten.no/kultur/i/jKWA/ungdom-lager-sitt-eget-spraak-i-sosiale-medier>

[Lastet: 04.04.2022]

Campbell, L. (2013). *Historical Linguistics An Introduction*. (4.utg). Edinburgh University Press.

Eckert, P. (2012). Three Waves of Variation Study: The Emergence og Meaning in the Study of Sociolinguistic Variation. *Annual Review of Anthropology*, 41, 87-100

Egeberg, M. (2013). *Flerspråklig praksis på internett. En studie av kodeveksling i et diskusjonsforum*. (Masteroppgåve, Høgskolen i Telemark). Tilgjengelig:

<https://brage.inn.no/inn-xmlui/bitstream/handle/11250/195592/Egeberg.pdf?sequence=1&isAllowed=y> [Lastet:

15.03.2022]

Forskning. (2019). *Engelsk lurer seg inn i norsk grammatikk*. Tilgjengelig:

<https://forskning.no/ntnu-partner-sprak/engelsk-lurer-seg-inn-i-norsk-grammatikk/1325804>

[Lastet: 15.03.2022]

Forskning. (2018). *Fire av fem nordmenn bruker sosiale medier*. Tilgjengelig:

<https://forskning.no/mobiltelefon-media-ntb/fire-av-fem-nordmenn-bruker-sosiale-medier/1228981> [Lastet: 10.05.2022]

Hendset, I. Ø, (2021). *Bloggerne*. (sesong 16). [TVserie]. TV2play. Tilgjengelig:

<https://play.tv2.no/programmer/underholdning/bloggerne/sesong-16/bloggerne-16-episode-1-1709876.html?showPlayer=true> [Lastet: 15.03.2022]

Hårstad, S. , Mæhlum, B. & Van Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk. Sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Oslo: Cappelen Damm.

Haugen, E. (1950). The Analysis of Linguistic Borrowing. *Language*, 26(2), 210-231

Lea, A. H. (2009). *Lånord i norsk talespråk*. (Masteroppgave, universitetet i Oslo)

Tilgjengelig:

<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/26827/annhlea.pdf?sequence=1&isAllowed=y> [Lastet: 30.03.2022]

Mæhlum, B. (2002). Hvor går vi- og hvorfor? Et forsøk på å trekke store linjer i utviklingen av norsk talemål. *Målbryting*, 6, 67-92. Tilgjengelig:

<https://septentrio.uit.no/index.php/malbryting/article/view/4753/4611> [Lastet: 25.04.2022]

Mæhlum, B. (2020). *Konfrontasjoner- Når språk møtes*. Novus AS.

Mæhlum, B. , Akselberg, G. , Røyneland, U. & Sandøy, H. (2017). *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. (2.utg). Oslo: Cappelen Damm.

Meedby, H. M. (2021). *Selvet i sosiale medier*. (Masteroppgave, MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn). Tilgjengelig: [https://mfopen.mf.no/mf-xmlui/bitstream/handle/11250/2769962/9009\\_Meedby%2c%20Mette%20Harr.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://mfopen.mf.no/mf-xmlui/bitstream/handle/11250/2769962/9009_Meedby%2c%20Mette%20Harr.pdf?sequence=1&isAllowed=y) [Lastet: 04.04.2022]

NRK. (2000). *Norsk språk vil dø*. Tilgjengelig: [https://www.nrk.no/kultur/\\_norsk-sprak-vil-do-1.530717](https://www.nrk.no/kultur/_norsk-sprak-vil-do-1.530717) [Lastet: 10.05.2022]

Språkrådet. (2010). *Lånord i norsk talespråk*. Tilgjengelig: <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2010/Spraknytt-22010/Lanord-i-norsk-talesprak/> [Lastet: 15.03. 2022]

Steinnes, K.S, Teigen, H.F. (2021). Livsstil til salgs: om influensermarkedsføring på sosiale medier og hvordan ungdom påvirkes. *Nordisk tidsskrift for ungdomsforskning*, 2, 4-22.

Tilgjengelig: <https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.2535-8162-2021-01-01> [Lastet: 25.04.2022]

Weston, D. (2017). A(nother) Day in the Life of a Purist: Anglicisms in the speech of Norwegian University Students. *Scandinavian Studies*, 89(1), 87-114.

Wikipedia. (2022). Emma Ellingsen. Tilgjengelig:

[https://no.wikipedia.org/wiki/Emma\\_Ellingsen](https://no.wikipedia.org/wiki/Emma_Ellingsen) [Lastet: 15.03.2022]

Wikipedia. (2022). Alexandra Joner. Tilgjengelig:

[https://no.wikipedia.org/wiki/Alexandra\\_Joner](https://no.wikipedia.org/wiki/Alexandra_Joner) [Lastet: 15.03.2022]